

Lokal gru frå Valdres

Kjøreturen til hytta i Etnedal gir Kjell H. Mære god tid til å tenkje ut plott til kriminalromanar. No er bok nummer to ferdig.

VALDRES. I «Fra Helvete og ned» får politiførstebetjent Thor Due mellom anna nærkontakt med tidlegare FN-soldatar som bur i Valdres, intrikate familieforhold, auksjonar og oppkjøp av småbruk.

Trønder i Valdres

Kjell H. Mære er frå Sparbu i Trøndelag, men har lenge budd i Valdres. Han arbeider som journalist i avisa Valdres, så lokal-kunnskapen er det ingen ting å seie på. Men når journalisten går over til å vere forfattar, brukar han helst den kunnskapen til å passe på at ting ikkje blir som dei verkeleg er.

Slik må det vere når ein skriv om grufulle ting i eit lite lokal-samfunn.

– Så om eg reiser gjennom Valdres på jakt etter sveitsarvillaen du i romanen kallar Wulff-huset, så vil eg ikkje finne han?

– Nei, det gjer du ikkje.

Han meiner historia kunne vore lagt til kva bygdesamfunn som helst. Som lokalavisjournalist har han arbeidd tett på mange bygder.

Men det er no i Valdres han bur, og difor vart det her handlinga vart lagt.

– Kven er eigentleg politiførstebetjent Thor Due?

– Ein heilt vanleg familiemann, oppteken av fotball og rock. Eg har prøvd å gjere han så normal som mogleg, utan lyter.

– Han slit då ein del i denne boka?

– Ja, men det gjer vi vel alle. Eg vil ha han sympatisk, sjølv om har er litt snar til å trekkje konklusjonar.

– Tidlegare FN-soldatar er eit gjennomgåande tema i boka. Korleis dei vert tekne hand om når dei kjem heim har vore eit stort tema. Vil du ha fram ein politisk bodskap med boka?

– Nei, dette er og skal vere underhaldning, seier Mære.

– Men det er gjennom FN-soldatane Bygde-Noreg har møtt den store verda og dei internasjonale konfliktane.

– Korleis arbeider du?

– Eg finn tittelen først, og lagar eit lite plott rundt den. Så er eg i gang. Når eg har råmanuskriptet klart, kontaktar eg forlaget, og så utviklar eg romanen.

– Du gir ut bøkene dine på Commentum forlag, som er eit lite forlag. Kvifor det?

– Med litt arbeid kunne eg sikkert kome meg inn på eit større forlag, men eg ser ingen grunn til det. Eg kunne ikkje hatt det betre enn eg har det.

Mære meiner det å skrive fiksjon har gitt ein ny dimensjon til det å skrive, noko som også har slått heldig ut for journalisten Mære.

– Etter 25 år som journalist var det ei utruleg oppleving. Å leike seg med skrivinga genererer fantasi som igjen generer meir skrivning.

Men å skrive bøker er og blir ein hobby.

Fleire bøker med Due

Arbeidet med denne boka begynte sommaren 2006, og vart avslutta no like før jul. Arbeidet med neste bok er så vidt i gang.

– Får vi høyre meir får Due?

– Ja, det trur eg. Eg har kontrakt med forlaget om fleire bøker, og skissa klar både til bok fire, fem og seks.

– Korleis er det å skrive fleire bøker med same hovudpersonen?

– Etter to bøker tek det til å bli vanskelegare.

Det skal jo skje noko i livet til hovudpersonen, i tillegg til lovbrota han skal etterforske.

– Går du ut frå at folk les bøkene etter kvart som dei kjem ut?

– Eg håpar jo det, seier Kjell H. Mære.

– Driv du mykje research til bøkene?



SLAPPAR AV: Boka «Fra Helvete og ned» er fersk frå trykkeriet, og journalist og forfattar Kjell H. Mære kan kvile. Men i tankane har han alt neste bok om politiførstebetjent Thor Due.

FOTO. JANNE GRETE ASPEN

– Ikkje så mykje, men eg var hos Kripos i Oslo for å sjå etter om eg hadde beskrive det rett.

Ideane kjem der. Eit småbruk som heiter Helvete såg han ein gong i ei annonse. At Due likar fotball og lett assosierer til rockemusikk er ganske praktisk, for det gjer forfattaren også.

– Går du mykje på auksjonar også?

– Ja, eg har gjort det ein del. Fri-merke har eg også samla på.

Hyttehobby

Det er som regel på hytta skrivinga skjer. Solcellepanelet gir straum slik at pc-batteriet blir lada. Og på kjøreturen er det

lett å kople frå journalist til forfattar.

Debutboka «En til evigheten» fekk til dels svært gode kritikkar.

– Les du mykje krim sjølv?

– Ja, ein del.

– Kven er favorittane?

– Gunnar Staalesen likar eg veldig godt, og Gert Nygårds-haug.

– Andre forfattarar?

– Knut Hamsun, så klart. John Irving og John Steinbeck, spesielt John Steinbeck.

– Har du som journalist arbeidd spesielt med krim?

– Nei, men den første jobben eg hadde i Valdres var å dekkje ei drapssak.

– Kva seier folk i Valdres til bøkene dine?

– Dei blir kommentert. Mange har lese dei. Dei forstår dei er laga med hjarte i Valdres.

Men noko Valdres-reklame er dei så visst ikkje.

– Trur du at det er så mykje gammalt grums rundt omkring som det kan sjå ut for i bøkene dine?

– Å ja, det er mykje meir enn vi anar, seier Kjell H. Mære.

JANNE GRETE ASPEN

Janne.aspen@nationen.no

Boka blir meldt i Nationen måndag 10. Mars.